

Det er med stor glede jeg har mottatt en del originale dokumenter fra den tiden gruva var i drift, bla. dokumentet om statsgarantert lån på 100.000,- kroner fra Det Kongelige Finans- og Toll-Departement, datert 8. juni 1939 og signert av daværende statsminister Nygaardsvold.

Den jeg har mottatt dette av er **Ingar Risland**. Ingar er født 19.11.1933 og lever i dag de glade dager med kone og sønn, i Cebu, på Philippines.

Den lille pode som er født 21.2.2008 har fått navnet Peder Ingar, og ser på bildet som jeg har fått, ut som en liten sjarmør. Det vil bli en god Nissedøl. Kanskje en fremtidig gruvelusk?

Ingar Risland er som de fleste vet sønn av Peder Risland som tragisk nok var den eneste som omkom igjennom alle år gruva var i drift. Ommund Skaare forteller i sitt innlegg noe om hva som hendte denne ulykksalige dagen. Russell og jeg har lenge godt med tanken om en bauta i gruva over Peders minne. Det blir gjort mange andre steder der gruvearbeidere har omkommet i arbeid. Det er viktig å ikke glemme! Som nevnt har Ingar sendt meg en del dokumenter, og jeg har fått tillatelse til å legge de ut på nett av han. Er veldig takknemmelig for det, Ingar!

Noe er kommunalt, noe fra gruvedrifta, og noe er om Peder.

Vi begynner med

Avskrift av søknad fra Mo kommune, datert 6. september 1938, til Sosialdepartementet.

I heradstyremøte den 26.f.m. under sak nr. 174 vart gjort etternemnde vedtak:

”Heradstyret vedtok samrøystes å søkje Sosialdepartementet um å få inn flest mogleg arbeiderar i Syftestad Jarngruvor”.

Som Det vyrde Departement truleg vil ha kjensskap til, frå tidlegare korrespondanser og søknader um rådgjerder mot arbeidsløysa i kommuna, so kann ikkje Mo kommune med dei midlar som er til rådvelde skaffe arbeid til alle arbeidssøkjande.

Ved dei veganlegg som hev vore under arbeid med kommunale tilskot er oppbruka meir enn det som er att av det som er løyvt for inneverande budgett-termin.

Ved Åmdals Verk A/S hev vore um lag 40-50 mann i arbeid. Selskapet hev funne det turvande å minka arbeidsstyrken so det no er burt i mot 30 mann som er i arbeid. Det er vona arbeid ut denne månad. Kor lenge det igangverande oppfaringsarbeid kann vara er ikkje gjeve nokor avgjort fråsegn um.

Av naudsmidlar til andre anlegg hev Mo for termin 1938/39, etter melding frå Arbeidsdepartementet under 10. august no sist, fenge løyve til å nytte kr. 2000,-som statstilskot til bygdevegen Moen – bygdevegen Skafså kyrkje i Mo herad, og at det sammen med distriktstilskotet kr. 2000,-, i alt kr. 4000,-, kann gjeva arbeid for 10-12 arbeidslause frå Skafså sokn eit par månader. Andre tilskot av naudsmidler hev ikkje Mo kommune fenge for terminen 1938/39 til kommunale arbeid. (Søknad um pengar til naudsarbeid er sendt til Arbeidsdepartementet under 2. august n.s.)

Tømmerhogst eller skogsdrift er det ingo utsigt til at vert sett i gang då tømmerprisane ser ut til å verta sers låge.

Av andre private arbeid er det heller ikkje von um at det vert sett noko i drift.

”Studnad p.gr.a. arbeidsløysa” må ein rekne med til dei fleste som vert gåande arbeidslause.

Som tilhøvi er må ein med dette be Det vyrde Departement vil gjera ein utveg snarast mogeleg for å skaffe arbeid til so mange som råd er av dei arbeidslause i Mo kommune.

Søknaden vert sendt til herr fylkesmannen i Telemark.

V y r d s a m t
O.G. Nystad (sign.)

Vert send med tilraading til Sosialdepartementet.

Telemark fylke 13. september 1938.

(sign.)

Mo. Telemark.

Arbeidslause til Syftestad gruvor.

Mo kommune søker om å få arbeidslause inn i den venta arbeidsdrift ved Syftestad gruvor i Nissedal. Det er truleg Handelsdepartementet som må taka seg av den saka, då statshjelpa til gruvearbeidet er etter framlegg frå "tiltakskomiteen".

Med omsyn på stoda i dei tvo komunane er å segja, at det ikkje er nemnande skilnad på folketal og arbeidsløyse i Nissedal og Mo. Men dei økonomiske tilhøva er verre i Mo. Den siste har i 1937/38 fått statshjelp til budgett og skatteutjamning som svarar til 34.0 skatteøyrer, mot Nissedal 2.0. Til dette kjem at Mo har gruvevande arbeidarar (frå Åmdals Verk).

På den andre sida må ein taka omsyn til at Syftestad gruvor ligg i Nissedal som difor må ha ein viss fyrsterett. Og skattane er like høge der som i Mo: Nissedal 19.1 med normaltabellen sett ned 30 % mot i Mo 18.0 ÷ 40 pct.

Inspektoratet for Arbeidsformidling, den 27. september 1938.

Mo Telemark.

Arbeidslause til Syftestad gruvor.

Går til det vyrde Handelsdepartementet som truleg må vera rette vedkomande i denne saka. Ein legg ved fråsegn 27. f.m. frå arbeidsformidlingsinspektøren.

Sosialdepartementet, Oslo den 3. oktober 1938.

For socialministeren

Fredrik Vogt (sign.)

Jackbo (sign.)

Statsgaranti Søftestad gruvor. Arbeidslause fra Mo, Telemark.

Går med vedlegg til Finansdepartementet. Då det i Nissedal truleg ikkje er mange øvde gruvearbeidarar vil dette departement telja til at det vert teke omsyn til søknaden frå Mo kommune.

DET KGL. DEPARTEMENTET FOR HANDEL, SJØFART, INDUSTRI, HÅNDVERK OG FISKERI.

Oslo, den 11. oktober 1938.

Alfred Madsen (sign.)

S.K.Høegh-Omdal (sign.)

Avskrift av brev fra direktør T. Hammond, Oslo, datert 17. oktober 1938 til Finansdepartementet.

Statsgaranti til drift av Søftestad Gruber.

Jeg erkjenner mottagelsen av det ærede Departements skrivelse av 14. ds. Med vedlagte skrivelse av 6. f.m. fra Mo kommune, Telemark, til Sosialdepartementet med påtegninger og 1 bilag. Nevnte skrivelse med bilag returneres hermed.

Efter konferanse med herr bergingeniør S. Smith skal jeg tillate meg å meddele at det er vår hensikt så langt bedriftens interesser tillater det å tilgodese bygdens (Nissedal) folk i størst mulig utstrekning.

Da det imidlertid er av stor betydning og til en viss grad utslagsgivende for et gunstig driftsresultat at vi får tak i endel øvede gruvearbeidere, skal vi ha vår oppmerksomhet på at vi kan få disse fra Åmdals Verk og henvende oss dit når den tid kommer.

Ærbødigst

T. Hammond (sign).

Avskrift av skrivelse av 24. oktober 1938 til fylkesmannen i Telemark fra Finansdepartementet.

Søftestad gruver. Arbeidslause i Mo, Telemark.

Med tilvisning til påteikning frå herr fylkesmannen dagsett 13. september d.å. sender ein vedlagt avskrift av brev dagsett 17. d.m. frå direktør T. Hammond. Departementet har ikkje nokon merknad å gjera til dette.

Ein torer be Dykk melda frå til Mo kommune.

I **TELEMARK TIDEND** Lørdag 30. august 1980 har **Kjell Åsen** et innlegg vedrørende overstående korrespondanse etter å ha blitt disse forelagt av Ingar. Vi sakser:

FRÅ ÅMDALS VERK TIL SYFTESTAD GRUVER.

Var det så realiteter av dette eller vart det verande brev og fine ord?

Her er visseleg mange som kan seie oss ein del om det. Ein av dei er Sigmund Kyrдалen i Nissedal som tødde sine ungdoms langstøvlar i gruvegangane i Syftestad i mange år. Me hektar oss fast i han og bed om svar: - Hoss gjekk det med detta Sigmund? Kom det folk frå Åmdals Verk til Syftestad gruver?

- Ja visst gjorde det så, men ikkje mange. Eg minnest i farten brørne Tarjei og Mikkel Byggstøyl og Torleiv Bendiksen. Her var kan hende fleir au.

Sigmund Kyrдалen veit kva han talar om. Han var mellom dei som tok fatt før andre og sette gruva i stand til drift. – Det var Olaus Moen, Tarjei Sanden, Tov Kaasa, Olav Dalen, Jon Lauvdal, Lavrans Kyrдалen, Neri Dale og eg, fortel han. Me snikkera og sette i stand dei gamle husa.

Åmdølane kom i 1939. Dei skulle til på vegen opp til gruva. Der var ikkje skikkeleg veg frå før. Den gongen dei dreiv tidlegare, hadde dei veggjar over hovudvegen og lekter på Nisser, men det blei lite av det då. Då førarbeidet var unnagjort i 1939, var arbeidet i gruva snart i full gang. Ein ny epoke var i emning ved Søftestad Gruver. Mangt er å minnast frå dei åra.

Her følger en attest datert 29. oktober 1954, dernest et informasjonsskriv datert 25. mars 1959, og så en sluttattest til den dyktige kontorist Herr Ingar Risland.

A/S SØFTESTAD GRUBER

TELEFON: NISSEDAL 3
POSTADRESSE: NISSEDAL
VAREADRESSE: TREUNGEN
TELEGRAMADR.: SØFTESTADMALM

NISSEDAL, den 29. oktober 1954.

Deres ref.:

Vår ref.:

. A t t e s t .

Ingar Risland, født 19. november 1933, har vært ansatt på vårt kontor fra 23. juni 1952 og slutter idag foreløbig på grunn av militærtjeneste.

Han har i denne stilling utført vanlig kontorarbeide som:
Utregning av lønninger, maskinskriving, arkivering samt føring av statistikker og rapporter til offentlige kontorer.

Han har utført sitt arbeide til vår tilfredshet så det er oss en glede å kunne gi ham vår beste anbefaling. Han er arbeidsvillig, nøyaktig, pålitelig og behagelig å samarbeide med.

A/S SØFTESTAD GRUBER



T. Hammond
adm. direktør

A/s SØFTESTAD GRUBER

TELEFON: NISSEDAL 3
POSTADRESSE: NISSEDAL
VAREADRESSE: TREUNGEN ST.
TELEGRAMADR.: SØFTESTADMALM
BANK: DEN NORSKE CREDITBANK, ARENDAL

Til funksjonærene.
Alle ved bedriften.

NISSEDAL, den 25 mars 1959.

DERES REF.

DERES BREV.

VÅR REF. JA.

På grunn av markedsforholdene som for tiden er interresseløse er idag alle ansatte blitt oppsagt til fratredelse 30 april.

Desverre må også alle funksjonærer oppsies da det er uvist når vi kan komme igang igjen. Jeg hadde direktør Fangel på telefonen igår fra Mo men det var intet nytt fra Rheinhäusen enda men arbeidet med selget skulle fortsette.

De kontaktene jeg hadde i Oslo 23 mars kan vi, på grunn av påsken, ikke vente noget svar fra før helgedagene er forbi.

Personlig synes jeg det er rart at det ikke skulle finnes mulighet for å plasere vor lille produksjon blandt de millioner tonn det er tale om.

Jeg tør derfor anmode om at dere tar mot oppsigelsen i denne form med avtalt varsel og så får vi håpe det kan avklares i løpet av april.

Erbødigst.
SØFTESTAD GRUBER

J. A. Aamo
J. A. Aamo.

A/s SØFTESTAD GRUBER

TELEFON: NISSEDAL 3
 POSTADRESSE: NISSEDAL
 VAREADRESSE: TREUNGEN ST.
 TELEGRAMADR.: SØFTESTADMALM
 BANK: DEN NORSKE CREDITBANK, ARENDAL

NISSEDAL, den 7. april 1959.

DERES REF.

DERES BREV:

VÅR REF Aa/

. A t t e s t .

Herr Ingar Risland, født 19/11.1933 i Nissedal, har vært ansatt som kontorist ved vårt driftskontor fra 23/6.1952 og skal uttre 30.4. d.å. ifall gruben stopper.

Han har ved kontoret utført alle de funksjoner som faller inn under et industrikontor.

Utrekning og innføring av akkordoppgjør, statistiske oppgaver til de offentlige etater samt industrien. Materialregnskaper og lagerkontroll i det hele alt som faller inn under grubedrift.

Risland er en meget nøyaktig og pålitelig ung mann som setter alt inn på å fylle sin plass.

Vi gir ham vår beste anbefaling da vi er sikker på at han ikke vil svikte noe oppdrag.

A/s SØFTESTAD GRUBER

J. A. Aamo
 J. A. Aamo
 Driftsbestyrer.

Tor Kjelleberg
 Tor Kjelleberg
 Kontorsjef.

Til minne om Peder Risland.



Varden onsdag 3. mars 1965.

Nissedøl omkom under arbeid i Søftestad Gruber

Den 62 år gamle mineraren Peder Risland frå Nordbygda i Nissedal miste i går formiddag livet ved ei arbeidsulykke i Søftestad Gruber i Nissedal.

Risland hadde vore eit ærend oppe i 6. etasje i gruva og var på veg ned att til etasje 8 der han passerte den såkalla kasten.

Vogna, eller kibben, som han køyrde i, stansa nokre få meter nedanfor. Mellom øvste kant av vogna og kasten er det ei klaring på berre 15 cm. På vegen oppatt med kasten må Risland truleg ha snudd på seg eller reist seg opp, med det resultat at han vart hengande fast mellom vogna og kasten og truleg klemt ihel. Dei to fordrarane; Bertil Larsson og Olav T. Nes, som sto oppe på kasten og venta på vogn, fekk straks gitt signal til heiseføraren som fira litt på vogna slik at Risland kom laus. Larsson og Nes gav så telefonmelding opp til stigerkontoret om det som var hendt. Distriktslege Fjerdingsstad vart bodsend og kom til stades, men kunne berre konstatera at Risland var død.

Både lensmannen og arbeidstilsynet har vore på ulykkesstaden. Bergmeistaren er også ventande.

Formannen i Søftestad Gruvearbeiderforening, Arne Dalen, og andre gruvearbeiderar, opplyste at korkje styret, arbeidsleiing eller andre av dei tilsette kan leggast til last for det som har hendt.

Sikringstiltaka i gruvene blir skildra som gode. Det heile er eit hendeleg, men svært syrgjeleg uhell.

Vi får ellers opplyst at dette er den første dødsulykka ved Søftestad Gruber. Det har vore kontinuerleg drift her i 26 år. Arbeidsstokken er ikring 60 mann.

Arbeidet ved gruvene stansa for dagen straks ulykka vart kjend, og ein såg flagg på halv stong ved Søftestad utover dagen i går.

Risland var ein lun, humørfylt og svært avhalden mann både på arbeidsplassen og ellers, og den tragiske hendinga har gjort eit djupt inntrykk i det vesle bygdesamfunnet.

Avlidne etterlet seg kone og ein vaksen son.

TA onsdag 3. mars 1965

Søftestadveteran drept ved ulykke med gruveheisen

Ved 10-tiden tirsdag hendte det en tragisk ulykke i Nissedal som kostet den 63 år gamle Peder Risland livet. Risland var en av de få gjenværende som har vært med ved Søftestad siden starten i 1938. Det har i disse 27 år ikke vært noen tilsvarende alvorlig ulykke ved bedriften.

Risland som arbeidet som minerer i bedriften, var beskjefteget med å flytte boreutstyret sitt fra såle 6 (såle betegner etasje) ned til såle 8, og til dette benyttet han den kombinerte person- og malmheisen. Denne heisen, som i realiteten er en pendelbane, der to vogner går i pendeltrafikk på hver sitt spor i 45 graders vinkel, blir kontrollert av et heisemaskineri på toppen.

Risland må etter alt å dømme ha entret nedadgående toppvogn fra såle 6 med utstyret sitt, og hva som hendte etter at denne vognen nådde ned på såle 8, kan bare være gjetninger da det ikke var noen øyenvitner til ulykken.

Trolig har Risland oversett den smale klaringen mellom vognen og en tverrgående bru, skippen, en klaring på bare 15-20 cm, da det var i denne åpningen han ble klemt mellom vognen og brua.

Det lyktes å få Risland løs etter kort tid, og i bevisstløs tilstand ble han fraktet opp til overflaten der døden straks etter inntrådte. Den tilkalte lege kunne således ingen ting gjøre. Lensmannen som også kom til stede, opptok de nødvendige forklaringer, og etter det Tas medarbeider har fått opplyst, både ved henvendelse til lensmannen og til arbeidere ved bedriften, har bedriftens sikringstiltak vært helt i orden.

Risland var kjent for sin forsiktighet. Han var endatil medlem av sikringsnemda i bedriften, og at ulykken skulle ramme ham, er nesten ufattelig. Risland var en av få gjenværende som har vært med siden Søftestad Gruver startet i 1938. Det har ikke vært noen tilsvarende alvorlig ulykke ved gruvene i disse 27 årene.

Risland blir av bedriftsledelse og kolleger karakterisert som en utmerket arbeider og god kollega, og hendelsen har gjort et dypt inntrykk både på arbeidsplassen og i hele bygda.

Arbeidet i gruva stoppet for resten av dagen da ulykken ble kjent. I dag kommer bergmesteren til Nissedal for å gjøre sine undersøkelser.

Risland etterlater seg hustru og en voksen sønn.



Blomar og kransar pryder i dag båra til ein som me lenge vil sakne. Me let blomar tale – i symbolspråk. Me let kransar seie med fargane sine at han som her kviler fortener hylling.

Jamvel med angen sin ber blomane i dag fram ein takk til Peder, ikkje berre for den sympatiske innstillinga alle sette slik pris på, det logne lynnet, den truverdige skjemten, men for alle dei små velgjordene i det stille som me er så inderleg glade for, men har så lett for å gløyme.

Sume kransar vil med sine sigrøne blad takke for hyggeleg samliv og solidaritet blant arbeidskameratane. Andre kransar har blomar som symbolsk, kvar på sin måte og med sine fargar, vil takke for det ljose humøret, den livsnære gleda, den lystige låtten som no er tagna.

Dei kvite fargane vil minne om sanningstrongen, om ærlegdomen, og om den lovnaden at den som er rein av hjarta skal få skode Gud.

Dei raude blomane vil med fargen sin ha sagt takk for den ans og onn han viste for eit harmonisk heimeliv, takke for at han var fredsam i all si ferd, reagerte der han såg uretten, men jenka og jamna i staden for å døme, takke for at han var lentug og lystig blant ung og gamal på sin måte, på sin stad, uten å verke påtrengjande.

Lat fargane i dag tale.

Lat kvar bere fram sitt, nett det som kvar i sær er symbol for.

Men i dag har alle fargane det sams, at dei har tåreglans over seg, fordi me som i dag tek farvel med Peder, gjer det med sorg i sinn og dogga augo.

Blomefargane blir ord for oss, - farvelord til Peder.

Ein blom med ein eigen og heilt sermerkt farge burde i dag ha tolka Peder sin lengt mot dei ævelege livsverdiane. Men ein slik farge er det kanskje vondt å registrere og vanskeleg å finne.

Men skjønar me symbolspråket til blomane, då ser me og sannar at attom og utom alle dei vanlege fargane der ligg det store fargesymbolet, det eigentlege opphav og mønster for alle dei hine.

Mot dette opphavet spana Peder sin lengt.

Det burde me i dag gle oss over, trass i sorga.

Me burde i grunnen ikkje gråte når ein så bra mann blir førd til siste kvila.

.....

TA 9. mars 1965

Peder Risland

IN MEMORIAM

Denne mannen, ein av veteranane i Søftestadgruvene er ikkje meir.

Denne meldinga kom som eit sjokk på oss alle. Fyrst og fremst på dei næraste, kona hans, Sigrid, og sonen, Ingar. Men me andre kjende au kaldgufsen av gruveulykka og blei som klømsa.

Me viste med det same: noko g o d t hadde forlatt oss. Peder var borte.

Saknet etter han vil bli stort. Slik veit eg det kjennest blant arbeidskameratane hans, og slik au blant dei hine sambygdingane. For han var uvanleg gild å væra i hop med. Eit pålitande og ærleg menneske som få. Han hadde eit gløgt auga for desse små, nære ting som nettopp er med og gjer livet så verdifullt. Og alle blei glade i han. Ikkje minst ungdomen og borna vil sakne han.

Han kunne vere kosteleg original, full av påfynstre og lenter. Difor fekk han låtten på glid kor han kom. Det fylgde alltid eit friskt frigjerande pust med Peder. Og denne godlyndte, skjemtande måten han tedde seg på, er ei innstilling me sårt treng i alt vårt samliv.

Men nå er ikkje mannen meir blant oss. Ei strime sol er borte for godt. Ein ljøs tone har tagna. Peder var til det siste interessert i idrett og friluftsliv, jakt og fiske. Dessutan dreiv han med ei serleg form for ”skattejakt” ute i naturen. Det dei fleste lite ansa på, det gådde han, og det samla han på. Han fann dei mest forunderlege knuppeknuter, og han snitta og sneidde dei til pryde og pynt. Så mang ei slik orginal gåve gav han raust bort for å gle andre.

Og såleis, og på sin måte, fann han sjølv den største av alle skattar: Kjærleiken til Gud og sine medmenneske.

Dette er godt å vite i sorga. Det er som ein ôm av song midt i saknaden.

Nissedal, 6/3 1965.

Kongsberg 4 mars 1965.

Kjære Fru Risland og Ingar.

Det var med ett sjokk vi leste i Aftenpostens Aftennummer igårkveld at Peder var drept i Sæftestad Gruber. Vi tenkte på dere, hvor uendelig større måtte ikke sjokket virke på dere på en så bruttal måte miste mann og far.

Vi vil gjerne bevitne vor deltagelse i sorgen og be dere ta resignasjonen med minnene om en god mann og far med. Det er ikke lett da hele livsgrunnlaget er revet bort, men dere kommer ikke forbi det, så vi håper dere ta det som noe der ikke kan endres men må bæres i stille tanker om hvad mann og far her vert.

Vi satte meget stor pris på Risland som den gjennom ærlige og reelle mann han var. Vi var jo sammen i 23 år og da lærer man hverandre å kjenne. Det vi satte størst pris på var hans forakt for sladder og de foraktet han der tillot seg å klandre andre, serlig av arbeidskamerater.

Hans styrke og storhet kom klart tilsyne da han kom og meddelte at han måtte slutte da han hadde fått Tub. Det var den samme rolig mannen der tok dette som det var. Desto hyggeligere var det å kunne ønske ham velkommen tilbake etter en tid på kur, like rolig og avballansert.

Han var en av de få virkelige venner vi hadde i Missedal og vi håper dere tar dette slaget med den sinnaro der jævner ut.

Vi lyser fred over Peder Rislands minne.

Vor beste hilsenog ønske om fred for dere også.

Silvia Dams S. A. Aasen